



Styret i ungdomslaget og tilsynsmannen for Helgheim. Bak: Trond Olsen og Hildegunn Klette Hansen. På benken: Anette Sund, Janne Yri, Marian Hauso og Rigmor Rasmussen.

Ukedal ungdomslag hadde sitt årsmøte i går, onsdag 30. mai. Det vart ikkje gjort endringar i styret. Rigmor Rasmussen held fram som leiar. Med seg i styre har ho: Lovise Herland Sunde, Hildegunn K. Hansen, Janne Yri, Marian Hauso og Anette Sund. Ungdomslaget er med andre ord kvinnestyrt og det på ein god måte. Trond Olsen har tilsyn med Helgheim.

Årsmeldinga fortel om ei lagsdrift på det jevne. Mange gode tiltak er gjennomført i arbeidsåret.

- Det vart lagt inn breiband i Helgheim
- Det er kjøpt inn og montert prosjektor og lerret både oppe i salen og i kjellaren
- Det er løyvd midlar frå Sparebank 1 stiftinga til opprustning av scenen
- Det er gjennomført to strikkekafear
- Det var godt frammøte til ein vellukka haustfest
- Lagshytta Fjelly markerte 100 års jubileet med fest på fjellet og jubileumbok
- Bingogruppa med Anne Karin Myhre og Audhild Lie har gjort ein framifrå jobb med å skaffa midlar til ungdomslaget
- Faste brukarar av Helgheim er: Røysterett for Alle og Linedansen
- Lovise Herland Sunde er rekneskapsførar. Ho gjer ein flott jobb med søknader og økonomioversikt
- Stine Soldal og Caroline Kjerpeset står for vask
- Utleige: Hildegunn Klette Hansen

Melding frå hyttestyret kjem som eiga sak.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

